



Synovate Norway AS

Postboks 9143, Grønland
0133 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
200800908-3

Arkivkode
046.0

Dato
13.03.2008

Tilbudsforespurnad på spørjeundersøkingar

Brønnøysundregistra ønskjer tilbod på følgjande to spørjeundersøkingar, med separate prisar for kvar enkelt:

Oppdrag 1:

Marknadsundersøking blant frivillige organisasjonar i samband med oppretting av eit Frivillighetsregister ved Brønnøysundregistra. Målet er å få betre kunnskap om målgruppa, mellom anna med å få eit overslag over kor mange organisasjonar som vil kome til å registrere seg. I den samanheng er vi interessert i å vite mellom anna kva dei veit om registeret, om dei vil registrere seg og når dei eventuelt vil gjere det. Det er også interessant å vite meir om den enkelte organisasjon, til dømes størrelse og kva type frivillig verksemd den enkelte driv.

Innsamling av data via e-post. Brønnøysundregistra står for innhenting av e-postadresser. Utvalet må vere slik at vi vil få tilbake om lag 2000 svar på utsendinga (det er 100.000 organisasjonar som kan kome til å registrere seg, vi er ute etter eit representativt utval). Spørjeskjema blir utforma i samarbeid mellom leverandør og Brønnøysundregistra. Resultat frå undersøkinga blir bearbeida og presentert i skriftlege analyser og tabellar av leverandør. Det er ønskeleg å starte arbeid med undersøkinga så snart som mogeleg, og det er eit krav at den skal gjennomførast før sommaren.

Oppdrag 2:

Brukarundersøking i dei seks definerte målgruppene våre (privatpersonar, etablerarar, næringsdrivande, bank og finans, "profesjonelle" brukarar og offentleg sektor). Målet er å kartlegge forholdet deira til Brønnøysundregistra og avdekke behov i samband med utarbeiding av kommunikasjonsstrategi. Innsamling av data via telefon. Innhenting av respondentar vil mest sannsynleg vere delt mellom Brønnøysundregistra og leverandør, etter målgrupper. Størrelse på utval må vere slik at vi vil få om lag 150-200 svar i kvar målgruppe. Spørjeskjema blir utforma i samarbeid mellom leverandør og Brønnøysundregistra. Resultat frå undersøkinga blir bearbeida og presentert i skriftlege analyser og tabellar av leverandør.

Det er ikkje fastsett tidspunkt for når undersøkinga skal gjennomførast, men den må kanskje vente til hausten. Alle detaljane knytta til denne undersøkinga er ikkje klare endå. For dette oppdraget ber vi derfor om eit realistisk *overslag* der det kan vere rom for endringar når arbeidet startar.

Det er mogeleg å gi tilbod på eit eller begge oppdraga. Ein totalleverandør vil bli foretrukke, ved tilnærma lik vurdering av tilboda innanfor oppdraga.

Brønnøysundregistra

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Administrasjonen 75 00 75 09 Telefaks 75 00 75 05

E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no

Organisasjonsnummer: 974 760 673

Innkjøpet er omfatta av [Lov om offentlige anskaffelser 16. juli 1999 nr. 69](#) og [Forskrift om offentlige anskaffelser av 7. april 2006](#). Innkjøpet er regulert i samsvar med forskrifta del I, dvs. innkjøp under kr. 500 000,- eks. mva. Det er sendt ut tilbudsforespurnad til følgjande leverandørar:

- TNS Gallup
- Synovate Norge
- Perduco

Saman med tilbodet, skal det leggast ved to attestar utstedt av høvesvis kemner/kommunekasserar og skattefut i Noreg som stadfesting på at leverandøren har oppfylt sine plikter med omsyn til betaling av skattar og avgifter etter til lovene. Attestane skal være utstedt på skjema RF-1244/1244A fastsett av Skattedirektoratet og skal ikkje vere eldre enn seks månader.

HMS-erklæring, underskriven av dagleg leiar og representant for dei tilsette vil bli innhenta av den valte leverandøren i ettertid. Skjema ligg ved denne forespurnaden.

Betalingsvilkår er faktura pr. 30 dagar, det skal ikkje belastast noko form for gebyr i samband med fakturering.

Val av leverandør vil skje på grunnlag av det økonomisk mest fordelaktige tilbod, i dette ligg

- Pris
- I kva grad tilbodet samsvarer med tilbudsforespurnaden

Det skal skrivast kontrakt, jf. vedlegg. Brønnøysundregistra tar atterhald om retten til å anta kva tilbod som helst, heilt eller delvis, eller forkaste alle tilbod.

Eventuelle spørsmål om saka rettast til Eli Helen Korsan, telefon 75 00 61 83 eller til e-postadresse eli.korsan@brreg.no.

Frist for innlevering av tilbod er 31.3.2008 kl. 12:00. Tilbod og attestar leverast på e-postadresse firmapost@brreg.no.

Med helsing
BRØNNØYSUNDREGISTRA

Dan-Erik Aggvin
kommunikasjonssjef

Eli Helen Korsan
førstekonsulent

Saksbehandlar: Sissel Fiplingdal Tlf. 75 00 77 51, e-post: sf@brreg.no

Vedlegg: Avtale m/vedlegg
HMS-erklæring